



Hjorteslaktning på Haugland. (Foto: Jane Haaranes)

Haugland Jaktvald har no sendt kommunen ein bestandsplan som går ut på felling av omlag 28 dyr dei næraste tre åra. Jaktvaldet ved Lars Haugland spør om dei kan få godkjent planen før jakta som startar denne veka og opplyser at viltforvaltar Leiv Trygve Varanes ikkje har fleire merknader.

Det har ikkje vore mogeleg å få til eit storvald i Uskedalen men Haugland-jegarane trur at redusert minsteareal og målretta avskyting vil betra forholda. Jaktvaldet har eit teljande hjorteareal på knapt 5.000 dekar fordelt på 14 eigedomar.

Dei kjenner ikkje størrelsen på hjortestammen, men dei veit at skader på skog, beite og ikkje minst dyrka mark er eit stort problem.

Sjølv om dei i dei siste åra har skote heile kvoten på opp mot 20 dyr, er det ikkje teikn til betring.

Det verkar som den årlege tilveksten av hjort er større enn uttaket. Dei siste 10 åra har fellingsprosenten vore

100 og det vart felt 20 i 2008, 15 i 2007, 17 i 2006 og 17 i 2005.

Det er laga ei avskytingsavtale der hovudinnhaldet er slik:

- * Avskyting av kalvar og 1 1/2-åringar bør totalt bli minst 55 prosent. Kalv bør utgjere minst 20 prosent av den totalt felte kvote.
- * Uttak av hodyr 1 1/2 år og eldre bør minst overstiga 40 prosent av kvote.
- * Uttak av vaksen bukk bør avgrensast opp til 8-takkarar, men dei kan i snitt fella ein fullvaksen bukk årleg.
- * Det kan fellast inntil 8 bukkar eller ungvokst/ungkollar utan kalv som skadedyr frå løyvettildeling og fram til ordinær jaktstart. Desse dyra går av ordinær kvote.

Av Ola Matti Mathisen